



Arkes Bygg AS  
Tertnesflaten 2  
5114 TERTNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1225 - 14/11613

Saksbehandlar:  
Ingrid Moe  
ingrid.moe@meland.kommune.no

Dato:  
24.07.2014

## Godkjenning - rammeløyve for oppføring av 5 naust på gnr. 40 bnr.7 Furuskjegget

**Administrativt vedtak. Saknr: 216/2014**

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søker:**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

**Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad om rammeløyve stempla motteke 17.12.13 og utfyllande dokumentasjon motteke 02.04.14 på gnr. 40 bnr. 7 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av 5 stk naust med tilhøyrande ny avkjørsle frå kommunal veg, vegtilkomst til nausta og parkeringsplass på eigedomen gnr. 40 bnr. 7.

**Vurdering:**

Planstatus/dispensasjonar:

Eigedomen vert omfatta av kommuneplanens arealdel og er delvis avsett til naustområde og delvis sett av til LNF- område. Eigdommen ligg innanfor 100-meters beltet mot sjø.

Utval for drift og utvikling godkjente søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF- område i kommuneplanen sin arealdel, for oppretting av tilkomstveg og parkeringsplasser til omsøkt naust på gnr. 40 bnr. 7, og dispensasjon for forbod mot tiltak i 100- meters beltet langs sjø og vassdrag i vedtak datert 12.05.14.

I føresegna til byggeområde for naust står blant anna dette:

2. Nye naust skal tilpassast eksisterande lokal byggjeskikk og ha møna tak. Nausta skal ikkje innreiast til varig opphald og mønehøgda skal ikkje overstige 5,5 meter.

3. Naust i samanhengande naustområde bør variera i storleik, farge og materialbruk innanfor rammene av lokal byggjeskikk

6. Innanfor byggeområda for naust, som vist i arealdelen til kommuneplanen, kan det byggjast følgjande tal med nye naust:  
Furuskjegget 5 naust.

Det er her omsøkt 5 naust med mønehøgde på 5,5 meter, nausta skal ikkje innreiast til varig opphald.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 11.12.13 Det er ikkje motteke merknader til varselet. Meland kommune har fritatt for nabovarsling av dispensasjonssøknaden jfr. Pbl. § 21-3 andre ledd. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla motteken 17.12.13, og veg skal plasserast i samsvar med kart som visar ny vegtrase mottatt 02.04.14. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

#### Parkering og utandørs opphaldsareal:

I kommuneplanen er det krav til at det må dokumenterast at det er naudsynte parkeringsplassar for bilar i nærleiken av naustområdet. Tiltaket samsvarer med reguleringsplanen.

#### Planløysing og utsjånad:

I føresegna til kommuneplanen går det fram at «Naust i samanhengande naustområde bør variera i storleik, farge og materialbruk innanfor rammene av lokal byggjeskikk. Meland kommune fekk tilsendt utfyllande dokumentasjon 02.04.14, kor det går fram at nausta er prosjektert med lik størrelse, men at farger og material bruk skal variere. Det er lagt ved illustrasjonar.

#### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

<b>Føretak</b>	<b>Godkjenningsområde</b>
Akers Bygg AS Org. Nr. 979300840 Sentral godkjenning	Fagområde: Ansvarleg søkar (SØK) tiltaksklasse 1 Prosjektering (PRO) for rammesøknad tiltaksklasse 1

### **VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) §§ 20-1 og 21-4 rammeløyve for bygging av 5 stk nausta med tilhøyrande ny avkjørsle frå kommunal veg, vegtilkomst til nausta og parkeringsplass på eigedomen gnr. 40 bnr. 7 i samsvar med søknad stempla motteke 17.12.13 og utfyllande dokumentasjon motteke 02.04.14.

Det vert også vist til kart og teikningar stempla motteke 17.12.13 og utfyllande dokumentasjon motteke 02.04.14.

Det settast vilkår om at nausta får ein varierende farge og materialbruk innanfor lokal byggeskikk og det visast til dokumentasjon om «farge og materialvalg» som ble mottatt av kommunen 02.04.14.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Ansvarsrett vert godkjend som omsøkt.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast. Slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i KOF-filformat. Dokumentasjon skal sendast inn seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

### Avkjørsle til kommunal veg

Meland kommune gokjenn etablering av ny avkjørsle til kommunal veg som vist på situasjonskart stempla motteken 17.12.13, og veg skal plasserast i samsvar med kart som visar ny vegtrase mottatt 02.04.14. Veg skal ha stigningsforhold som vist i lengdeprofil datert 25.03.14 på – 10,2%.

Igangsettingsløyve vert ikkje gjeve før følgjande vilkår er oppfylt:

- Det må søkjast om ansvarsrett for heile tiltaket.
- Med bistand frå rørleggerføretak må det sendast inn søknad om tilknytning til kommunalt VA-anlegg som må godkjennast av Meland kommune.

Tiltaket kan ikkje setjast i gang før igangsetjingsløyvet ligg føre.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Innbetaling av kommunale gebyr må gjerast før tiltaket vert påbyrja.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Ingrid Moe  
byggjesakskonsulent/jurist

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Godkjenning - rammeløyve for oppføring av 5 naust på Furuskjegget, gbnr 407.

**Mottakere:**

Arkes Bygg AS  
Fureskjegget AS

Tertnesflaten 2 5114

TERTNES